



President og kasserar illustrerer kor verdsomspennande Lions er.

**Mathatma Gandhi sa at den beste måten å finna seg sjølv  
på er å hjelpe andre.**

**Det tek den verdsomspennande organisasjon Lions  
konsekvensen av med å  
vera på plass i 206 land og geografiske område.  
Til samanlikning har FN 192 medlemsland.  
I Noreg er 13.000 medlemmer av Lions**

**Her i Kvinnherad er 30 med og dei står no framfor eit stort og viktig løft:  
Dei skal ha loppemarknad i Aktivitetshuset laurdag 19. februar.  
Det er første  
gongen dei satsar på eit slikt arrangement.**

- For oss er dette eit prosjekt som krev ein kjempeinnsats,  
seier president sidan i fjor  
Kjell Borge Olsen og kasserar Gianni Rebaudo til uskedalen.no  
Olsen er Lionsveteran ettersom han har  
vore med sidan i 1975. LC Kvinnherad vart stifta 4 år før.



Førebels er det ikkje bestemt kva føremål pengane skal gå til,  
men Lions har ein  
nøkkel som krev at 50 prosent skal brukast på riksbasis,  
25 prosent internasjonalt og 25 prosent lokalt.

Den lokale satsinga kan vera så mangt: Til dømes var Lions med og opparbeida golfbana på Husnes og reiv fabrikkjen på Sunde. Og dei har nyleg gjeve 5.000 kroner til ungdomklubbane i Ølve og Omvikdalen. Olsen og Rebaudo håpar at loppemarknaden kan bli eit årleg løft med base i Uskedalen.

For å illustrera kor vidt Lions satsar også her i landet minnar dei om korleis midla frå den kjende Røde Fjær-aksjonen er nytta opp gjennom åra sidan satsinga på Beitostølen Helseportsenter i 1966: Valnesfjord Helseportsenter, Evenes Blindesenter og Haugland Helseportsenter, Leddgiktaksjonen, Livskvalitet i eldre år, Montebello-senteret i Mesnali ved Lillehammer og syn- og mestringsenteret i Hurdal.

Til desse føremåla er det samla inn 157 millionar og 45 millionar av dei har gått til Montebello-senteret som er eit kurs- og rehabiliteringssenter for kreftpasientar.

Olsen og Rebaudo minnar også om den årlege Tulipanaksjonen, innsats for betre syn som har betydd mykje i u-land, førarhundskulen for blinde og ungdomsutvekslinga. Organisasjonen har også ei katastrofekasse som kan nyttast lokalt, til dømes etter brannar. Dei to legg stor vekt på at kvar einaste krone som blir gjeve til Lions går til dei som treng ho og ikkje til administrasjon. - Administrasjonen må vi betala sjølv, påpeikar Olsen og Rebaudo, som legg for dagen stor entusiasme framfor loppemarknaden.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen